**Fra:** post@gripengard.no
**Sendt:** mandag 17. desember 2018 14:20
**Til:** Sigrid Fivelstad
**Emne:** Re: SV: Rapportering for tilskot til Gripen Gard, kvitteringar
**Vedlegg:** IMG_20181021_225408_1.jpg; 25. feb (21).JPG; IMG_0008.JPG; IMG_20181019_100314.jpg; IMG_20181019_100325.jpg; IMG_20181020_115401.jpg; IMG_20181021_225553.jpg; IMG_20181028_150444.jpg

Beste helsing
Helene Olli Sollid,
Gardbrukar og altmuligoter
Gripen gard
Gripavegen 86, 5918 Frekhaug
56176416/99293971

Den 17. desember 2018 kl. 09.25.13 +01.00 skrev Sigrid Fivelstad <sigrid.fivelstad@meland.kommune.no>:

Flott Helene!

Rapporten og kvitteringane er arkivert og er godkjent. Pengane frå Hordaland Fylkeskommune vil bli overført til din konto. Det hadde vore fint å få sett eit par bilete også, om du har det? Til dømes eit foto før og eit etter.

Med venleg helsing

Sigrid Fivelstad

Kulturkonsulent
Tlf: 56 17 10 65 / 10 00   Mob: 977 64 180
E-post: sigrid.fivelstad@meland.kommune.no

Meland kommune
- Eit samfunn for alle -

**Fra:** post@gripengard.no <post@gripengard.no>
**Sendt:** fredag 14. desember 2018 22:03
**Til:** Sigrid Fivelstad <sigrid.fivelstad@meland.kommune.no>
**Emne:** Rapportering for tilskot til Gripen Gard, kvitteringar

Beste helsing

Helene Olli Sollid,

Gardbrukar og altmuligoter

Gripen gard

Gripavegen 86, 5918 Frekhaug

56176416/99293971

Den 13. desember 2018 kl. 12.46.48 +01.00 skrev Sigrid Fivelstad <sigrid.fivelstad@meland.kommune.no>:

> Jau, no såg eg gjennom arkivet for å finne søknadane dine, og du søkte kommunen for tilskot til både smie og eldhus. Summen som vart tildelt er uansett på 20 000, så om du rapporterer berre for eldhuset til kommunen, så skal det vere nok.
>
> Og eg oppmodar deg sjølvklart til å halde fram med å søkje om tilskot til garden! Søknadsfrist for kulturmidlar 2019 er 1. mars. Då kan du til dømes søkje på nytt for smia, eller om det er meir arbeid som skal til på eldhuset.

**Fra:** post@gripengard.no <post@gripengard.no>
**Sendt:** torsdag 13. desember 2018 12:01
**Til:** Sigrid Fivelstad <sigrid.fivelstad@meland.kommune.no>
**Emne:** Re: SV: SV: Rapportering for tilskot til Gripen Gard

Tusen takk, SMIL, der har eg faktisk full kontroll. Men har eg ikkje ein søknad inn på kommunale midlar for smia, og, det sto på lista til forgjengaren din. Han var kanskje forvirra han og?

Beste helsing


Helene Olli Sollid,

Gardbrukar og altmuligoter

Gripen gard

Gripavegen 86, 5918 Frekhaug

56176416/99293971


Den 13. desember 2018 kl. 11.21.29 +01.00 skrev Sigrid Fivelstad <sigrid.fivelstad@meland.kommune.no>:

> Eg forstår at du er forvirra – det er eg òg!
>
> Frå Hordaland fylkeskommune har du fått «tilskot for verna kulturminne i Hordaland» på 40 000 til eldhuset.
>
> Frå Meland kommune har du fått «Kulturmidlar for 2018» på 20 000 til eldhuset.
>
> Så til meg treng du berre sende ein rapport om eldhuset, samt kvitteringar på utgifter. (Då må eg få

kvitteringar på minst 40 000, slik at eg kan utbetale heile summen frå fylkeskommunen).

<u>Her er informasjon frå fylkeskommunen:</u>

«*Før tilskota kan betalast ut må følgjande leverast Meland kommune innan 15.12.2018:*

- *Utgreiing av gjennomførte tiltak og eventuelle avvik frå planen for tiltaket.*
- *Rekneskap med oversikt over kostnader og finansiering, samt bilag tilsvarande ein sum minst så stort som tilskotet*
- *Dokumentasjon i form av før og etter foto*.»

SMIL-midlane har ikkje eg oversikt over, så der veit eg ikkje kva som krevjast frå deg. Eg finn dette på nettsidene til Meland kommune:

«Har du fått innvilga tilskott, blir det utbetalt etter skriftleg oppmoding frå deg og når tiltaket har fått godkjent sluttrekneskapen. Du kan få utbetalt forskott på bakgrunn av godkjend dokumentasjon etter kvart som delar av tiltaket er utført.»

Om SMIL-midlane du søkte også var til eldhuset, reknar eg med at du kan sende same rapport til dei.

Vonar du ikkje vart endå meir forvirra no!

Med venleg helsing

Sigrid Fivelstad

Kulturkonsulent
Tlf: 56 17 10 65 / 10 00   Mob: 977 64 180
E-post: sigrid.fivelstad@meland.kommune.no

**Fra:** post@gripengard.no <post@gripengard.no>

**Sendt:** torsdag 13. desember 2018 11:02

**Til:** Sigrid Fivelstad <sigrid.fivelstad@meland.kommune.no>

**Emne:** Re: SV: Rapportering for tilskot til Gripen Gard

Hei igjen.

Så bra! Om eg kunne skreve ein rapport stila til dykk, og så brukt bakgrunnsmaterial, budsjett, arbeidslister, utgifter same som i SMIL? Er det ikkje slik at deter fylkeskommunale midlar og kommunale midlar på eldhuset, kan det vere same rapporten, ein til komm og ein til fylket? Og så var det kommunale

midlar for smia. Har eg rett?  (unnskyld at eg er så forvirra, eg har berre alt for mykje å gjere)

Beste helsing

Helene Olli Sollid,

Gardbrukar og altmuligoter

Gripen gard

Gripavegen 86, 5918 Frekhaug

56176416/99293971

Den 13. desember 2018 kl. 08.25.51 +01.00 skrev Sigrid Fivelstad <sigrid.fivelstad@meland.kommune.no>:

> Så flott!
>
> Eg er her heile neste veke, så eg må ikkje ha noko før det. Eg vil tru det går bra å bruke dei same formuleringane som du gjer i smil-rapporten, så lengje du sendar ein verson til meg, og ein til dei som styrar med SMIL-midlar.
>
> Berre ta kontakt om du lurar på eitkvart!
>
> Med venleg helsing
>
> Sigrid Fivelstad
>
> Kulturkonsulent
> Tlf: 977 64 180
> E-

post: sigrid.fivelstad@meland.kommune.no

Meland kommune
- Eit samfunn for alle -

**Fra:** post@gripengard.no <post@gripengard.no>

**Sendt:** torsdag 13. desember 2018 01:19

**Til:** Sigrid Fivelstad <sigrid.fivelstad@meland.kommune.no>

**Emne:** Re: Rapportering for tilskot til Gripen Gard

Hei igjen.

No har eg jobba med alt saman. Men eg er litt usikker på ting... Eg ringer deg i morgon, så kan eg sende etterpå, når eg veit om eg kan sende det eg alt har. Eg har nemleg ein del smil-reapportering, så eg lurar på om eg kan bruke det, eller om eg må lage eige formular til dykk...? Og ein gong til, tusen takk for at du hjelper meg, og passar på at eg ikkje gløymer.

Me snakkast!

Beste helsing

Helene Olli Sollid,

Gardbrukar og altmuligoter

Gripen gard

Gripavegen 86, 5918 Frekhaug

56176416/99293971

Den 12. desember 2018 kl. 15.02.15 +01.00 skrev Sigrid Fivelstad <sigrid.fivelstad@meland.kommune.no>:

Hei Helene.

Eg forsøkte å nå deg via telefon i dag. Eg er ny kulturkonsulent i Meland kommune og sit med ansvaret for rapporteringa av tilskot frå kommunen og fylkeskommunen.

Eg etterlyser difor ein rapport frå deg både for kommunen og for fylkeskommunen. Det er berre å svare på denne mailen med ein liten rapport og kvitteringar når det kjem til tilskotet frå kommunen. Når det gjeld tilskotet frå fylkeskommunen er

det viktig at det er kvitteringar/faktura for heile summen du har fått tilskot til, slik at eg kan utbetale alt. Om restaureringa ikkje er fullført enda, greier du ut om det i rapporten, så skal eg sjå kva eg kan gjere med det.

Eg har høyrt mykje om garden din, og det ser utruleg spanande ut! Eg vonar eg får til å vitje deg ein dag for å helse på og sjå på garden.

Med venleg helsing

Sigrid Fivelstad

Kulturkonsulent
Tlf: 56 17 10 65 / 10 00   Mob: 977 64 180
E-post: sigrid.fivelstad@meland.kommune.no

Meland kommune
- Eit samfunn for alle -